

## Skjema for eigenvurdering av realkompetanse

**Psykisk helsearbeid og rusarbeid**

Personalialia	
Namn	
Mobil	
E-post	
Fødselsdato	

Opptakskravet til studiet *Psykisk helsearbeid og rusarbeid* er fagbrev i ambulansefag, barne- og ungdomsarbeidarfaget, helsearbeidarfaget eller aktivitør.

Dersom du ikkje har fagbrev, kan du søke på grunnlag av realkompetanse. Realkompetanse er all relevant kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse du har tileigna deg, som kan kvalifisere til opptak til studiet.

*Dette skjemaet blir brukt til å vurdere din realkompetanse.*

**Kartlegging av Motivasjon, erfaring og kompetanse**

<b>Motivasjon:</b> Kvifor er du interessert i å jobbe med psykisk helsearbeid og rusarbeid? Korleis held du på motivasjonen når arbeidet er krevjande?
<b>Erfaringar med psykisk helse og rusproblematikk:</b> Kva erfaringar har du med psykisk helse eller rusproblematikk, enten gjennom arbeid, egne opplevingar eller gjennom nære relasjonar? (Ikkje del sensitive personopplysningar!). Korleis har desse erfaringane forma di forståing av psykisk helse og rusproblematikk?

**Empati og kommunikasjon:**

Korleis handterer du kommunikasjon med menneske som kan vere i en sårbar situasjon på grunn av psykisk helse eller rusproblem?

Korleis viser du empati og forståing i slike situasjonar?

**Førebyggjande arbeid og folkehelseperspektiv:**

På kva måte meiner du førebyggjande arbeid er viktig i eit folkehelseperspektiv? (Særleg innen psykisk helse og rusarbeid).

Kan du gje døme på korleis du ville bidrege til å femje helse og førebygge problem i samfunnet?

**Barn og unges psykiske helse:**

Korleis ser du på barnehagane og skulane si rolle i å bidra til trivsel, meistring og inkludering for barn og unge med psykiske plager og lidingar?

Kva meiner du er viktig i arbeidet med å sikre barn og unge si psykiske helse? Kva skulle vore eit satsingsområde?

**Lovverk:**

Har du kjennskap til kva lover som styrer arbeidet i helse- eller oppvekstsektoren?

Kva er taushetsplikt og kvifor er det viktig at du held taushetsplikta?

**Etiske dilemma:**

Kva er eit etisk dilemma, og korleis ville du handtert etiske dilemma?

Kan du gje døme på situasjonar der du har måtta vege ulike omsyn mot kvarandre?

**Konflikthandtering:**

Har du erfaring med å handtere konflikter? Korleis løyste du desse situasjonane?

Korleis taklar du motstand eller usemje når du arbeider med menneske?

**Sjølvreleksjon:**

Korleis reflekterer du over eigne haldningar og verdiar i møte med personar som slit med psykisk helse eller rusproblem?

Kva er dine svakheiter og styrkar når det gjeld å jobbe med denne målgruppa?

**Fagleg kunnskap:**

Kva veit du allereie om teoriar, metodar og tilnærmingar i psykisk helsearbeid og rusarbeid?

Korleis har du tileigna deg denne kunnskapen?

**Samarbeid og teamarbeid:**

Nemn døme på situasjonar der du samarbeider med andre yrkesgrupper/kollegaer i ein arbeidssituasjon. Kvifor er det viktig å samarbeide?

**Mangfald og kulturell kompetanse:**

Kva omsyn til kulturelt mangfald og individuelle forskjellar tenker du det er viktig å ta når du jobbar med psykisk helse og rus?

## Treng du hjelp?

Dersom du har behov for rettleiing i samband med utfylling av skjemaet, så hjelper vi deg gjerne. Du kan kontakte oss på e-post: [fagskulenvestland@vlfk.no](mailto:fagskulenvestland@vlfk.no).

## Skjemaet er utfyllt – kva no?

- Når skjemaet er ferdig utfyllt, lagrar du det på PC-en din og **lastar det opp i søknaden din i Samordna opptak**. Der skal du også legge saman med annan dokumentasjon som arbeidsattestar, tenestebevis, stadfestingar, vitnemål, kompetansebevis, kursbevis og liknande.
- Merk vedlegga med tydelege beskrivande namn. Til dømes:
  - Vitnemål – ditt namn
  - Skjema for eigenvurdering – ditt namn
  - Arbeidsattest – arbeidsstad – ditt namn
- Vi vil kontakta deg dersom vi ser behov for ein fagsamtale.

Dato: \_\_\_\_\_

Signatur: \_\_\_\_\_